

Kulturminister Trine Skei Grande
Postboks 8001 Dep
0030 Oslo

Hovdebygda, 13. mars 2019

Framtida.no, Framtidajunior.no og revidert nasjonalbudsjett

Regjeringa Solberg ved kulturministeren har gjennom statsbudsjettet for 2019 og kulturmeldinga synt at de prioriterer viktige infrastrukturtiltak for dei norske språka og skriftkulturane.

Regjeringane Bondevik I og Bondevik II la i sine statsbudsjett, kulturpolitikken og utdanningspolitikken viktige grunnlag for å gjere nynorsk meir i bruk på internett. Finansieringa av eit eige nynorsk oppslagsverk, Allkunne.no, presiseringa av at NRK må ha 25 prosent innhald på kvar av målformene også på nettstadene, tospråklege portalar for Noreg.no og Regjeringa.no er berre noko av dette.

For dei yngste har det lenge mangla gode tilbod for å sjå sitt eige språk i bruk om emne som interesserer dei på nettet. Landssamanslutninga av nynorskkommunar og ABC Startsidan har derfor først etablert nyhende- og debattavisa Framtida.no i 2010 og frå 2017 drive Framtidajunior.no for barn mellom 7 og 13 år.

Tiltaka har vore etablert som prosjekt, men går no over i ordinær drift. Dei manglar tilskot til å halde fram, og utan eit auka tilskot i revidert statsbudsjett vil innhaldsproduksjonen ved Framtidajunior.no bli avvikla.

Framtidajunior.no blei starta med støtte frå Kulturdepartementet, bidreg til eit sterkt og levande norsk språk gjennom dagleg frivillig bruk av språket. Nettstaden har nyhende, faktaartiklar, kultursaker, boktips, spel, skrivekonkurransar, debatt, video og aktivitetar for barn mellom 7 og 13 år. Sidan byrjinga i oktober 2017 har nettstaden nådd over 100 000 brukarar, og no er det også auke i trafikken i helgar og ferier.

Dei 17 organisasjonane i Nynorsk forum bed kulturministeren løyve 700 000 kr i tilskot for 2019 for å sikre Framtidajunior.no.

Vi håpar regjeringa lyttar til fleirtalet i kulturkomiteen når revidert budsjett blir lagt fram. I ein merknad frå komiteen til statsbudsjettet for 2019 heiter det:

«Komiteens flertall, medlemmene fra Høyre, Fremskrittspartiet, Senterpartiet, Venstre og Kristelig Folkeparti mener de to barne- og ungdomssatsingene til Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) er to svært vellykkede og viktige tiltak. Både framtida.no og framtidajunior.no leverer journalistikk som barn og ungdom ikke får tilgang til på nynorsk ellers. Flertallet oppfordrer regjeringen til å se på hvordan man kan sikre at disse satsingene kan videreføres.»

Med venleg helsing

Per Magnus F. Sandsmark
sekretær Nynorsk forum